

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · 2022
93. årgang



Folkemusikk gudsteneste i Åmotsdal

Solg og Sogtid

#2 · 2022

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS nr: 650484

Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannanna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest

907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Kyrkjevevje og

ungdomsprest

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Assisterande kyrkjevevje

917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Kjetil Bergheim, Kantor

918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Ingunn Liseter, Diakon

976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden

907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Bergit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674

bergit.telnes@seljord.kommune.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Livskvalitet

kan auke

ved stundom å rive seg laus

frå autoriserte tankerammer

og kvardagens trasking

mot kveld.

Vera nysgjerrig og sjå verda

frå mange sider,

leite om der er nokon dører

i det som ser ut til å vera

vitskapens ytste, massive vegg.

Godtek vi berre det vi ser,

manglar spennande dimensjon,

har vi berre

det vi til slutt må miste.

Har menneska funne på all meining

sjølve,

og at dei har menneskeverd,

blir alt tilfeldig,

eigentlich likegyldige pust i sivet.

Då finst ikkje noko stort.

Lever vi berre fordi vi er fødde

og enno ikkje døde?

Er vi dyr

som det no er for mange av?

Eller finst der eit fjellfast

Gudgjeve menneskeverd?

Jon Svartdal



Nytt frå soknerådet

Denne hausten er det eitt år att av den fireårsperioden dette soknerådet er vald for.

Det har vore ein spesiell periode; fyrst og fremst på grunn av to år med pandemi. Samfunnet har opna opp att no, men me må nok rekne med at det kan koma nye pandemiar som gjer at samfunnet må stengast att.

Det neste som er uvanleg, er at det er krig i Europa. Det har kome ein del flyktningar frå Ukraina, også hit til Seljord. Mange av dei som kjem frå Ukraina høyrer til den ortodokse kyrkja. Me har fått melding frå Flyktingetenesta om personar som gjerne vil vera med på gudstenester. Dei er sju personar, og har ikkje bil, så me er glade for om nokon av dykk som les dette av og til kan vera sjåfør når det er messe i Åmotsdal eller Flatdal. Meld frå til Kjell Hartberg, 47377498, dersom de kan hjelpe til med dette.

Seljord sokneråd formulerte ein visjon for arbeidet vårt, då me starta på denne fireårsperioden. Den lyder slik:

Kyrkje for alle.

Denne visjonen kan delast opp i to sider:

1. Eit ynskje om at alle innbyggjarane i bygdene våre får ein personleg relasjon til kyrkjebygget og kyrkjegarden som sin eigen.

2. Eit ynskje om at fleire må bli kjent med Jesus og fylgje Han.

Me håpar at noko av det arbeidet me kjem til å drive med framover kan hjelpe slik at denne visjonen kan bli verkeleggjort for flest mogeleg i Seljord kommune.

Me vil halde fram med aktivitetar for barn

og unge, så som Tysdagsklubb og Babysong, og Ungdomsklubb og konfirmantarbeid. Så håpar me å få sett i gang andre aktivitetar også; for alle aldrar.

Me er svært glade for å kunna ynskje tre nye medarbeidarar velkomne denne hausten. Det er Petter Jakobsen, som går over til å vera kyrkjeverje i full stilling, Ingunn Liseter som er tilsett som diakon i full stilling og Kjetil Bergheim som skal arbeidet som organist i 70 % stilling. Petter får andre arbeidsoppgåver i halve stillinga og held fram med arbeidet med Ønsket og Elsket, og Jon Svartdal blir assisterande kyrkjeverje i 50% stilling, og pensjonist resten av tida.

Det blir spanande å sjå korleis det vil fungere å dele kyrkjeverjestillinga, men eg trur me kan få stor glede og nytte av å ha fleire i staben. Me ynskjer ny organist og diakon hjarteleg velkomne!

Det siste eg vil seia i denne omgang, er at det berre er eitt år til det skal veljast nytt sokneråd. Me kjem til å starte prosessen med å få folk til å stå på lista i god tid. Me treng folk i alle aldrar, og frå alle delar av kommunen. Ta gjerne kontakt med meg dersom de lurar på kva arbeidet i soknerådet går ut på, eller dersom du kan tenkje deg å ta din tårn i eit slikt utval.

Så ynskjer eg dykk alle vel møtt i kyrkjer og på bedehus, om det er gudsteneste, konsert, songkveld, Babysong, Tysdagsklubb, føremiddagstreff eller møte, eller kanskje ein heilt annan aktivitet som blir starta opp i løpet av dei neste månadane.

Bergit Lisleåsheim Telnes

Babysong



Velkommen til babysong

onsdag 31.august
onsdag 28.september
onsdag 30.november

Samlast me kl. 11 til ein halv time med song og leik på Misjonshuset i Seljord.

Babysong er ein hyggeleg måte å møte andre foreldre med små born på.
Borna kan leike saman, og foreldra blir kjende med kvarandre.
Alle lærer nye songar.

Ta gjerne med litt mat til deg og barnet ditt, så kan me eta
føremiddagsmat etterpå.

Kom gjerne og del!

Fedre er også svært velkomne.

Håpar å sjå deg og barnet ditt!

Adresse: Brøløsevegen 10, 3840 Seljord
Spørsmål: babysangseljord@gmail.com

**BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS**



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERARER**

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



**Østlandets
største
utstilling
og beste priser**

**150 steiner
i utstilling**

**1-4 ukers
leveringstid**

Steinverksted på Notodden

www.notoddenbegravelse.no
Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

KLÆR

T. TVEITAN 1/3


**INTERIØR-
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Olaf Sveinsson (1842 – 1922)

«Ein av dei gjævaste sønir bygdi hev fostra»

Av Hans Brattestå



I år er det 100 år sidan Olaf Sveinsson fra Seljord døydde. Han kom frå små kår. Skulegang vart det heller dårleg med, men han vart likevel ein av dei største sønene Seljord hev fostra. Gjennom eit liv på nesten 80 år vart han lærar og klokkar, diktar og målar, postopnar, lensmann og stortingsmann.

Olaf Sveinsson vart fødd 18. desember 1842 på husmannsplassen Gamlestaule i Kivle i Kivledalen. Foreldra hans var Svein Olavsson Aasheim (1809 - 1868) frå austre Aasheim, av Telnesætti, og Anne Olavsdatter f. Slettebustad (1813 – 1860) frå Trassimot i Bygdardalen.

Snart etter at Olaf vart fødd, flytta familien til Trassimot, der faren til Anne då budde som enkemann, og vidare derifrå til Dalskosi i Bygdardalen. Her voks Olaf opp og her vart broren Tarjei (1844 – 1906) fødd.

Skulegang i oppvoksteren vart det som sagt heller skralt med, sidan plassen Dalskosi var avsides og vegen vanskeleg. Han fekk berre om lag tjue dagar på skulen, seies det. Men Olaf viste tidleg gode evner og lese-lysta var stor. Til konfirmasjonen stod han fremst på golvet som den flinkaste eleven.

Som 17-åring starta han på lærarseminaret i Kviteseid. Han fekk karakteren «Meget duelig» då han tok eksamen to år seinare, i 1861. Han fekk då tilbod om lærarpost både i Krokan og Kivledalen, og i Gransherad. Han valde det siste og vart buande der i 15 år. Her vart han og gift med garddotteri Gunhild Høljesdatter Helleberg (1839 – 1895). Dei fekk 8 born saman.

Men Olaf Sveinsson var ein heimekjær mann, og i 1876 tok han imot lærar- og klokkar-stillinga i Seljord. Han busette seg då på klokkegarden Utbøen under Grave. Same året vart han og den fyrste postopnaren i bygda. I 1903 vart han lensmann i Seljord og slutta lærargjeringa si.



Dalskosi i Bygdardalen, der Olaf Sveinsson voks opp.

Olaf Sveinsson hadde tidleg eit sterkt politisk engasjement. Han vart vald inn i heradsstyret i Gransherad og seinare i Seljord. Han skreiv mykje i blad og aviser, både dikt og lesarinnlegg. Han var ein ihuga målmann og fråhaldsmann, og seinare like ihuga Venstremann. Innlegga hans vekte merksemd, og vart sett på som både gløgge og skarpe. Han vart derfor tidleg oppmoda om å stille som kandidat til Stortinget, men vegra seg.

I 1883 vart han likevel vald inn på Stortinget frå Brunkeberg amt. Han vart medlem av det nystifta partiet Venstre og var den fyrste frå Vest-Telemark som representerte eit politisk parti på Tinget. Vararepresentant var Viggo Ullmann, som to år seinare og vart vald inn på Stortinget. Han var og ein av dei som Sveinsson hadde eit nært samarbeid med i Seljord, blant anna om folkehøgskulen. Sveinsson vart sidan attvald i alle dei neste periodane fram til og med 1903. Heile sju periodar og 21 år på Stortinget vart det.

Olaf Sveinsson hadde og eit sterkt religiøst engasjement, og han var ein av si tids framstående bygdediktarar. Han skriv blant anna om heimen på Dalskosi, der han voks opp: «*Den stogo med det eine Glaset er enno kjærast her på Jord.*». Og han skreiv sitt kjende dikt om «Kivlemøyarne». Kivlemøyane var og navnet på festskriftet han vart fagna med då han fylde 75 år. Det han tok med seg av røynsler og inntrykk frå barndomsheimen i Kivledalen, bar han trygt gjennom livet. Han stod sentralt i arbeidet med å få skrive ei bygdesoge for Seljord, men det vart Tov

Flatin som til slutt tok på seg det arbeidet.

Tov Flatin skriv i Seljordsoga mellom anna dette om Olaf Sveinsson: «*I heimen song folkevisa seg inn i hugen hans, og frå småguten av hørde han eventyr og segnir. Dette gav diktargåva hans nøring, og skapte kjærleiken i han til folkedikting og folkeminne. Her i heimen fekk han eit traust religiøst grunnlag som han sida bygde på og studde seg til gjennom heile live. Han nemde tidt mor si når ein kom på rødune med han um eit og anna, og gjorde det slik at ein skyna ho hadde vori han ei gjev mor.*»

Som pensjonist og enkemann budde Olaf Sveinsson på Rørnes under Utgarden. Han døydd den 1. april 1922. «*Ein av dei gjævaste sønir bygdi hev fostra la seg til kvile etter ein lang og trufast arbeidsdag*», skriv Tov Flatin om han i Seljordsoga. Noko minnesmerke hev han ikkje fenge i Seljord, men spora etter Olaf Sveinsson er enno mange og solide.



April 1922. Gravferda til stortingsmann, lærar, klokkar, postopnar, lensmann og diktar Olaf Sveinsson gjennom Brøløs opp Latebakk mot Klokkekarstogemoen. (Utlånt av Rune Sveinsson).

Rundtur til Rønjomkyrkjer, laurdag 24.september 2022

Som eit ledd i markeringa av 200-års feiringa av kyrkjebyggjaren Jarand Rønjom, ber jubileumskomiteen inn til ein tur til tre av kyrkjebygga som han stod bak. Det er dei tre kyrkjene som ligg i Vest-Telemark; Åmotsdal, Vinje og Rauland.

Dei to fyrste var Jarand Rønjom både arkitekt og byggmeister for. Når det gjeld Rauland kyrkje, var det Halvor Høgkasin som hadde hovudansvaret. Han hadde vore med Jarand Rønjom på bygginga av Åmotsdal og Vinje kyrkjer.

Me startar turen i Åmotsdal kyrkje der me møtest kl 10.00. Der får me omvising ved Gunnar Kleivi. Så køyrer me med Kjetils tur til Rauland kyrkje. Der blir me møtt av Lars Erik Øygarden. Han vil spela litt hardingfele, og fortelje mellom anna om Førnesbrunen, som det står ei minnestøtte for ved kyrkja. Etter at me har høyrte på Lars Erik og sett på kyrkja, passar det med ei matpause. Me kan eta nista vår ute ved Totak, eller inne i kyrkja dersom det ikkje er vær til å vera ute i. De må ha med både mat og drikke til dette måltidet.

Så dreg me til Vinje kyrkje. Der vil Arne Vinje vise rundt og fortelje om kyrkja. Etter denne stoppen, dreg me til Vest-Telemark Museum i Eidsborg. Museet er stengt for sesongen. Men dei opnar for oss denne dagen slik at me kan få sjå utstillinga som dei har om Jarand Rønjom. Ein kan og få kjøpt boka som blei gitt ut i høve jubileet.



På museet får me servert ein kaldtallerken med spekemat, eggerøre, varm karbonade, røkt aure og potetsalat. I tillegg får me kaffi/te.

Etter ein lang og innhaldsrik dag blir me køyrt attende til Åmotsdal av Kjetil. For alt dette skal de berre betale kr 400,-. **De kan melde dykk på til Bergit Telnes, 90 69 16 74, på telefon eller SMS. Frist for påmelding er 19.september.**

Vel møtt til ein morosam rundtur i Vest-Telemark!

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser
på telefon og internett, likevel er det en av tre
som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.

Takk for gåva



Hjarteleg takk for minnegåva som vart
gjeven ved Synnøve Finkenhagen si
gravferd

*Helsing
tilsette ved Veslestoga
Nesbukti pleie- og omsorgsenter*

Hjarteleg takk for minnegåva som vart
gjeven ved Erling Ansgar Vindfjell si
gravferd

*Helsing
Tilsette ved
Nesbukti pleie- og omsorgsenter*

Hjarteleg takk for gåva som blei gjeven
til Seljord kyrkje ved Astrid Sveinsson si
gravferd

*Helsing
Seljord sokn*

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker



Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Til minne om Natalia Furmankova

Vår kjære kantor Natalia Furmankova døydd fredag 25. mars 2022 i Bergen. Ho hadde flytt dit eit par veker før for å vera saman med dei to døtrene sine då ho skjøna at livet gjekk mot slutten. Natalia starta som organist 17.08.2020, men fekk dessverre ikkje jobbe fullt lenger enn til 26. februar 2021 før ho blei alvorleg sjuk. Natalia blei ikkje fullt 60 år gammal, og det var uendeleg trist å ta eit siste farvel med ho i Bergen 30. mars ved ein ortodoks seremoni.

Tankane våre og medkjensla vår går stadig til Natalias næraste - døtrene hennar og deira næraste som har lidd eit stort tap. Å miste Natalia var også eit stort tap for oss i Seljord sokn, ho var både konsertpianist og organist av høgaste klasse, og ein varm og fin person som vi saknar. Kvil i fred, kjære Natalia, og takk frå alle i Seljord sokn.

DHU og JS



Takk til Knut Ove Lofstad

Knut Ove Lofstad har vore tilsett i eit vikariat som diakonimedarbeidar/ ungdomsdiakon i 50% stilling i vel eitt år frå 1. august 2021 og ut september i år. Då har han blant anna hatt ansvaret for konfirmantundervisninga, og fylgd dei på leir til Gjennestad i Vestfold. Han har også vore med på trusopplæring i Tysdagsklubben og vore tilgjengeleg for diakonale samtalar. Knut Ove har ved sida av denne jobben vore trusopplærar i Kviteseid i 50%, og held fram med det.

Takk for innsatsen gjennom dette året Knut Ove.

JS



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, lek, Bibelforteljing og song.

HAUSTEN 2022

Tysdag 20. september

Tysdag 18. oktober

Tysdag 15. november

Tysdag 06. desember

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(like ved Ungdomsskulen)



Nye og gamle medarbeidarar i Seljord sokn

Seljord sokneråd har gjort fleire nytilsetingar den siste tida - herunder og ein del omorganiseringar. Petter Jakobsen byrja som kyrkjevevje 1. juli 2022. Petter har vore tilsett som dagleg leiar i Ønsket & Elsket. Han vil fortsette i denne stillinga i 50% - samstundes som han skal vere leiande kyrkjevevje i 50%. Tidlegare kyrkjevevje Jon Svartdal gjekk av med pensjon i 50% frå 1. juli 2022. Han skal vidare vere assisterande kyrkjevevje i 50% frå same dato, med hovudansvar for kyrkjelege bygg og eigedomar - herunder kyrkjegardane og gravferdsverksemda.



Ingunn Liseter

Så er det ei glede å melde at soknet har fått ny organist og ny diakon. Den nye diakonen heiter Ingunn Liseter. Ho er i dag tilsett som diakon i Gressvik og Onsøy menigheter i Fredrikstad. I stillinga si her i Seljord, vil ho ha hovudansvar for diakoni, trusopplæring og konfirmasjonsundervisning. Ho startar 1. oktober.



Kjetil Bergheim

Den nye organisten vår heiter Kjetil Bergheim. Han skal ha 70% stilling frå 1. september, og vil sjølv sagt ha hovudansvaret for den musikalske delen av verksemda i Seljord sokn - knyta til gudstenester så vel som kyrkjelege handlingar. Kjetil spelar også hardingfele. Me ønskjer velkomen til nye medarbeidarar - og lukke til for dei to som skal inn i nye oppgåver og utfordringar. Biletet av Ingunn er lånt frå heimesida til Den norske kyrkja, medan biletet av Kjetil er gjeve oss av Kjetil sjølv.

DHU



DELK menigheten i Flatdal og Svartdal – Historia omkring Brendehaugkyrkja

Av Karl Valhovd



Brendehaugkyrkja

Dette er redigera del av ein artikkel som sto i Øvre Annex, årsskrift for Åmotsdal Sogelag 2020.

Reiser du gjennom Flatdal og 3-400 m. forbi Nutheim kjem du til den berømte utsikten der prins Oscar, som vitja staden i 1870, skal ha uttala at: «*Detta er den vackraste utsikten jag nogon gong har sett!*» Der ligg og Kongehella der kong Harald og dronning Sonja har sett sine navnetrekk. Men dersom du snur deg 180 grader og ser på øvre sida av vegen så vil du sjå eit høgt, tømra bygg som står der og kneisar på ein solid gråsteinsmur. Mange framande som ser dette bygget vil nok undrast på kva for hus dette er, det er for høgt og spesielt til å vera ei hytte eller

bustadhus. Men spør du lokalkjendte folk så får du sikkert til svar: «*Jau, dette er Brendehaugkyrkja .»*

Den stend der på ei fantastisk utsikts-plass der ein kan sjå utover store delar av Flatdal. Det vert sagt at når det skulle vera gudstenester i kyrkja så fyra dei i omnen slik at bygdefolk kunne sjå at det rauk or pipa, og då visste dei at det skulle vera samling der.

Men kva for slags kyrkje er no dette? Det er nok mange som undrast på det, den er ikkje omtala i Seljordssoga eller andre lokalhistoriske skrifter, og dei som var aktive i denne kyrkja er no borte.

Som kjendt så drog Hans Nielsen Hauge gjennom bygdene her i 1802 og mange vart gripne av budskapet han forkynnte, særleg i dei øvre bygdene Flatdal, Svartdal, Manddal og Åmotsdal. Denne arven etter Hauge vart teken vare på og ført vidare i desse bygdene, og mot slutten av attenhundretalet var det mange av desse som braut med Den norske Kyrkja og etablerte sitt eige trusamfunn, det som vart kalla «Det evangeliske lutherske kyrkjesamfunn».

For å finne samanhangen mellom Hauge sin påverknad i Flatdal/ Svartdal og bygging av «Brendehaugkyrkja», må me sjå litt på nokre dramatiske hendingar som fann stad i Vestfold, nærare bestemt i Jarlsberg og bygdene omkring Tønsberg. Der hadde «haugerørsla» fått sterkt fotfeste, og der var eit aktivt kristent miljø. Dei heldt fast på Huges lære i handel og vandel, og var sær opptekne av at dette måtte førast vidare til komande generasjonar gjennom kristendoms- undervisninga, som var det dominerande faget i skulen. I 1860 kom det ei ny skulelov, «Lov om Almueskolen paa Landet», og P.A.Jensens nye lesebok, «Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet». Denne nye lova og leseboka kunne haugianarane ikkje godtaka, den innskrensa kristendomens plass i skuleverket,

og dei meinte dette ville virke skadeleg på den oppveksande slekt. Den inneheldt for mykje «verdsleg» stoff, som ville virke nedbrytande i høve til det syn som var rådande blandt haugianarane om kristendomens plass i barneoppsedinga. Det vart ein svært langvarig og sterk strid om dette, og haugianarane kunne ikkje for sitt samvits skuld godtaka at borna deira skulle utsetjast for denne «verdslege» påverknaden. Dei ville ikkje at kristendomsfaget skulle vike plass for meir verdsleg opplysning om t.d. norrøn mytologi, norsk folkediktning og nordisk skjønnlitteratur.

Det var nede i Vestfold i Jarlsberg at denne striden gjekk føre seg, og sidan haugianerane såg seg nøydd til å etablere eigne skular for borna sine, var det inga annan råd, dei måtte bryte med kyrkja. Det var ikkje eit lett steg å taka, dei hugsa på at Hauge formana tilhengarane sine om å vera lojale mot kyrkja, endå så mykje motstand og hets han hadde opplevd frå den kanten.

Som sitt «Testamente» skriv han, rektignok på slutten av sitt liv: *«Ti er min siste vilje at I heretter som forhen ganske ene holder Eder til vår stats religion, så I mottar av de offentlige lærere alt hva deres offentlige embete medfører. I går da i kirken, annammer sakramentene, ved ekteskap gjør de vielsen, samt ved dødsfall jordpåkastelse og alt der høres til god orden —»* Haugevenene prøvde i det lengste å få

til ei ordning der dei kunne undervise borna sjølve, dei prøvde til og med å appellere til kongen om saka, men dei fekk ikkje noko svar frå majesteten.

Lova var klar, skulle dei drive sitt eige skuleopplegg måtte dei bryte med kyrkja, og etablere sitt eige samfunn. Det kosta mykje å taka dette steget, men dei såg ingen annan utveg, og i innleiinga til konstitusjonen av det nye kyrkjesamfunnet uttalar dei det slik:

« I navn Gud Fader, Gud Sønn og Gud den Helligånd har vi forenede besluttet, av nød og trang og mange besværinger, at fraskille oss den norske statskirke, og opprette et kirkesamfunn i overenstemmelse med Guds ord, hvortil Gud forhjelpe oss ved sin verdige Helligånd, amen! »

Dette fann stad i Jarlsberg 16.mars 1872, og ein av dei mest sentrale personane i denne prossessen var Elling Eielsen.

Han var fødd på Voss og var ein dyktig og uredd predikant. Han hadde vore i USA og der hadde han grunnlagt den fyrste «Evangelisk- lutherske kirke» blandt norske emigrantar. Han tok med seg mykje av måten han organisera den menigheten på attende til gamlelandet, og overførte dette til den nye menigheten som no vart skipa.

Den tok navnet «Den evangeliske lutherske frikirkelige menighed i Jarlsbergs Grevskab med flere Steder». Seinare vart navnet endra til «Det Evangelisk- Lutherske Kirkesamfunn», forkorta til DELK, dette for å unngå

forveksling med «Den Evangeliske – Lutherske Frikirke», som vart skipa i 1877. Dei vart og i daglegtale kalla «Jarlsbergarane».

Den nye menigheten breidde seg utover, og fekk god inngang i Telemark, nærare bestemt Holla, Lunde og bygdene rundt Norsjø.

I 1880- åra vart det starta ein bygdemenighet i desse områda, og det vart bygde kyrkje både på Fen ved Ulefoss, Akkerhaugen og i Lunde. 1888 fekk menigheten eindel medlemmer frå Svartdal. Kven som var kontaktpersonen og pådrivaren i denne prosessen kjenner ein ikkje til, men prestar frå dei sentrale områda kom dette året oppover og tok til å halda gudstenester. I starten heldt dei til i stoga på Minnesjord i Flatdal, så det er vel rett å sei at DELK- menigheten i Flatdal/Svartdal vart skipa i 1888.

I 1891 vedtok Menighetskomiteen, (Det styrande organ sentralt) å byggje eit forsamlingshus på Brendehaug i Flatdal, ei tomt som låg på eigedomen Aasanli, g. nr. 93 br. nr. 3. Det finns ei gamal leige- avtale datera 1.juli 1892. Her stend det at: «- tomten blir bortforpaktet til menigheten av Lars Mikelsen Aasenlien for kr. 50,- pluss en årlig avgift på kr. 0,50.» Men skjøtet på tomta er langt nyare, 15.sept. 1933 blir tomta skjøta over frå Olav H. Lid (Olsen) til «Det evangelisk- lutherske kirkesamfunn» for kr. 190,00.

Det var ein av dei fremste leiarane i DELK, Hans Eliassen som tok initiativet til skiping av menigheten i Flatdal/Svartdal. Han var ein radikal forkynnar og konservativ når det gjaldt bl.a. å halda fast på det dansk-norske språket i skrift og tale. Han hadde ikkje noko til overs for målrørsla som no byrja å gjera seg gjeldande, og Landstads salmebok fekk og gjennomgå, han syntes mange av dei gamle salmane «-ser ut som et får der har gått gjennom en ulveflokk!»

Men Hans Eliassen etterlet seg eit stort navn i menighetens historie, var heilt til det siste oppteken av arbeidet for å utbreie Guds rike, og han vert sitera i denne bønna: *«Min bønn til deg, o Gud, er at du kunne få oppvakt og med din kraft utrustet unge mennesker, som drevet av Kristi kjærlighet ville gå ut i denne sildige høst og innby folket til den store nattverd og Lammets bryllups glede som vedvarer i all evighet!»*


I jolehelga, året 1900 var Hans Eliassen endå ein gong på veg til Flatdal og Svartdal, men vart sjuk, og måtte avbryte reisa, og døydd i Lunde 20.januar 1901.

Då kyrkja skulle byggjast skaffa menigheten i Svartdal material til bygget, dei andre menighetane i Telemark sto for arbeidet, og fellesmenigheten sentralt dekte utgiftene og løna arbeidarane. Det var flatdølen Olav Steinarson Skogen, f. 1844 som var ansvarleg for arbeidet på kyrkja, eit døme på framifrå handtverk.



Den står der, på fjellgrunn med fin gråsteinsmur, like fin i dag som då den vart bygd for 130 år sidan. Sjølv kyrkja er stor, rommar ca. 100 personar, har god takhøgde, altarring, døypefont og prekestol og det som høyrer med i ei luthersk kyrkje. Menigheten i Svartdal var tilslutta nettverket av DELK- menighetane, og kyrkja var, som dei andre gudshusa i denne organisasjonen, eigd av organisasjonen sentralt.

Den øverste myndighet hadde «Menighetskomiteen», seinare endra til «Menighetsstyret», som besto av ein representant frå kvar av menighetane i samfunnet, men kvar menighet vart leia av pålitlege og grunnfeste menn som vart kalla «eldste».



Utmeldinga

I menigheten i Svartdal var dei fyrste eldste Halvor Olsen frå Nord-Svartdal og Tov Jonsen, som budde på Åsan i Flatdal. Dei fungera frå 1888 og framover, så ein kan vel rekne året 1888 som oppstart for DELK i Svartdal/Flatdal. Alle desse DELK- menighetane var svært opptekne av skulen, og det var det viktigaste dei tok tak i når det vart etablert nye menigheter.

Det var maktpåliggjande å taka vare på den haugianske arven, med radikal forkynning, og synderkjenning og taka avstand frå synda, og heihjarta vende seg til Gud og få tilgjeving. Dette skulle då speglas i ein kristleg vandel, og dei truande måtte taka fråstand frå alt «verdsleg». Denne haldninga måtte innprentast i borna alt ifrå heimen og vidare i skulen, dei viktigaste bøkene var, i tillegg til Bibelen, Luthers lille katekisme og Pontoppidans forklaring.

I Svartdal vart skulen halden på Minnesjord. Av lærarar som undervisa veit en navnet på to, Anne Halvorsdotter frå Flatdal, ho fungera

som lærar i 10 år, frå 1890 til 1900. Etter henne kom Sveinung S. Haukvik frå Sauherad, frå 1900 og utover, kor lenge skulen var i drift kjenner ein ikkje til.

Som nevnt, vart «Brendehaugkyrkja» reist i 1891, så i 2022 kunne kyrkjebygget feire 130- års jubileum!

Menigheten fann si form, og i åra frå 1888 til århundreskiftet var det over 30 personar som meldte seg ut or kyrkja og inn i menigheten i Svartdal. Det auka på utover på 1900-talet, så på det meste talde menigheten rundt 50 vaksne, og 20-25 born. Det var nok folka på Haugsvold og Minnesjord som var dei sterkaste støttene i menigheten, både i starten og vidare utover på nittenhundretallet. Dei som sto i leiinga av menigheten var vyrde og rettskaffne menn som hadde stor tillit i bygdene i si samtid.

Kor lenge menigheten fungera med regelmessig verksemd og skule kjenner ein ikkje til, men skulen heldt fram til utpå 1920-30- talet. Det skjedde nok ei gradvis nedtrapping, og i dei seinare åra var det bare eit sumarstevne i Brendehaugkyrkja, men det samla deltakarar frå fleire kantar, og desse stevna heldt fram til utover i 1970 –80-åra.

Dette nye kyrkjesamfunnet hadde sine eigne prestar og lærarar , og måtte føre eigne kyrkjebøker etter som dei hadde meldt seg ut or statskyrkja. Ut frå desse finn ein ut at menigheten i Flatdal/Svartdal hadde einskildmedlemer både

frå Åmotsdal, Manndal, Dyrlandsdalen, og nokre frå Hjartdal og Seljord.

Kva no, over hundre år seinare? Kyrkja står der, og kneisar på Flatdals finaste utsiktstomt, men kva med det den sto for?

Eg synest den står der som eit verdig monument over eit folk, kvinner og menn, som våga å stå for noko og taka konsekvensane av si overtyding, som ikkje var «mainstream», for å bruke eit moderne uttrykk, men som hadde



Interiøret er fortsatt intakt i Brendehaugkyrkja

mot til å leva ut andre verdier på ein tydleg måte i si samtid. Resultatene av deira innsats i samfunnet kan ikkje målast i statistikkar, men dei utgjorde ein forskjell i sine omgjevnader, og fylgjene av deira liv og påverknad kan nok sporast like inn i vår tid.

Kyrkja er famleis intakt både innvendig og utvendig, men er i likhet med fleire av DELK sine kyrkjer, seld og er no i privat eige.

Det Evangelisk- Lutherske Kirkesamfunn har i dag ca. 3500 medlemmer på landsbasis, fordela på 14 menigheter. Dei driv 5 grunnskular og ein barnehage. I Telemark driv dei Skauen kristelige skole i Skien.

Kjelde : Wikipedia.

Andre kjelder:

Sigbjørn Ravnåsen, Hans Nielsen Hauge og Telemark.

H.G.Heggtveit, *Den norske kirke i det nittende århundre. Bind 1.*

Otto Gjerpe: *Fedrearv og Barnefostring. Det evangelisk- lutherske kirkesamfunn gjennom 100 år.*

Kyrkjebøkene for Seljord Prestegjeld.

Kyrkjebøkene for Det evangelisk- lutherske kirkesamfunn, Telemark.

Hans Askjer, *Et trossamfunns kirker.*

Björg Minnesjord Solheim, *Informant i Svartdal.*

**“Er du for sterk
til å trenge Gud,
så er du for svak
til å møte han.”**

JS

Seljord Normisjon

- Faste aktivitetar på Misjonshuset

Kvinneforening fyrste torsdag i kvar månad

Formiddagstreff siste fredag kvar månad kl 11.00
Oppstart 30.september

Babysong ein onsdag i månaden kl. 11.00
Oppstart 31.august

Tysdagsklubb ein tysdag i månaden.
Oppstart 20.september

Møte tysdagar og sundagar kl.19.00 (sjå program)

Haustsemesteret 2022 blir det ein kombi-
nasjon av samlingar på sundagskveldar og
tysdagskveldar. Det blir møte, bibeltimar og
sangkveld, i tillegg er det planlagt ei møtehelg.
Temaet for haustsemesteret er Gud er god.

Tysdag 27. september kl. 19.00
Leif Raustøl har gjennomgang av teksten for
komande sunday, Markus 5. 35 – 43.

Fredag 30. sept – sunday 2. okt kl. 19.00
Bibelhelg med Kurt Hjemdal. Møte fredag og
sunday kl. 19.00, bibeltime laurdag kl. 10.30.
Vi samlas til laurdagskveld på Misjonshuset kl.
18.00. med sang, kveldmat og diverse program.

Tysdag 11. oktober kl. 19.00.

Dag Harald Unheim har gjennomgang av
teksten for komande sunday, Lukas 9. 57– 62.

Sunday 16. oktober kl. 19.00
Møte med Ulf Børje Rahm, regionleiar
Normisjon Telemark.

Tysdag 25. oktober kl. 19.00
Kjell Johan Nenseter har gjennomgang av
teksten for komande sunday, Lukas 15. 11. – 32.

Sunday 30. oktober kl. 19.00
Sangkveld med Herdis og Øyvind Jørgensen.

Tysdag 8. november kl. 19.00
Dag Harald Undheim har gjennomgang av
teksten for komande sunday, Lukas 6. 20.

Sunday 13. november kl. 19.00
Møte med tale og sang av Nils Jørgen Hardang.

Fredag 18. november kl. 18.00
Basar med åresal, andakt, kaffi og kaker.

Tysdag 22. november kl. 19.00
Kjell Johan Nenseter har gjennomgang av
teksten for komande sunday, Matteus 21. 1. – 11.

Sjå kunngjering av møta i VTB.

Songkveld på Flatdal samfunnshus

Fyrste fredag i månaden kl. 19.00
2. september
7. oktober
4. november
2. desember
Alle velkomne.

Kyrkja, Misjonslaget og Sion

Føremiddagstreff Sion Flatdal

Onsdag 14. september
Onsdag 12. oktober
Onsdag 16. november
Onsdag 14. desember

Vi møtast kl.11.00 til andakt, song, mat, og eit
triveleg lag kring bordet. Utlodding.

Kyrkja til stades på Country-festivalen

Me er glade for at livet har normalisert seg etter to år med pandemi, og til eit normalt sommarliv i Seljord høyrer det med at det er festivalar på Dyrskuplassen.

I mange år organiserte Svanhild Rui Gustavsen friviljuge frå kyrkja slik at me hadde ope hus i Gongestoga både under Seljordsfestivalen og Country-festivalen. Dette tok slutt i 2013 fordi det var vanskeleg å skaffe nok folk til dette arbeidet midt i sommarferien.

I år fekk kyrkja spørsmål frå festival-leiinga om me kunne vera til stades under Country-festivalen. Dei hadde tydelegvis sakna oss!

Me blei svært glade for å få eit slikt spørsmål, så i år var kyrkja til stades både fredagskveld og laurdagskveld. Me heldt til ved Gongestoga der folk fekk ein kopp kaffi og høve til å slå av ein prat.

Heile kvelden var det folk innom, så dette vart godt motteke. Og me som hadde vore med på dette tidlegare var glade for å vera tilbake!

No håpar me at me kan ta opp att dette arbeidet under komande festivalar.

BLT

Trusopplæringstiltak haust 2022

Hausten 2022 skal desse trusopplæringstiltaka gjennomførast i Seljord sokn:

Sundag 16. oktober kl 11.00 i Flatdal kyrkje

Utdeling av helsing til alle 4-åringane som er medlemmer i kyrkja.

Sundag 27. november kl 11.00 i Flatdal kyrkje

Utdeling av jolehelsing til alle 5 og 6 åringane i Flatdal som er medlemmer i kyrkja.

Sundag 27. november kl 17.00 i Åmotsdal kyrkje

Utdeling av jolehelsing til alle 5 og 6 åringane i Åmotsdal som er medlemmer i kyrkja.

Sundag 04. desember kl 11.00 i Seljord kyrkje

Utdeling av jolehelsing til alle 5 og 6 åringane i Seljord som er medlemmer i kyrkja.

Trusopplæringsutvalet vil sende ut eige brev til dei ulike årstrinna.

DHU

Seljord misjonsforening 150 år

Denne hausten kan me feire eit stort jubileum i Seljord; det er 150 år sidan det blei stifta ein misjonsforening i bygda vår.

Det som gjev oss endå større grunn til å feire er at denne foreningen framleis er «i live». I dei aller fleste åra har dette vore ein såkalla kvinneforening som har samla inn pengar til Det norske misjonsselskap (NMS).

Då desse kvinneforeningane oppsto på 1800-talet, var det i mange tiår dei einaste samkomene som kvinner i bygd og by kunne samlast i. Dette var mange år før kvinnene fekk stemmerett, og i kyrkjer og

bedehus heldt ein seg til Pauli ord om at kvinner skulle teie i forsamling.

Likevel blei det starta misjonsforeningar over heile landet, og ut av dei voks det fleire andre organisasjonar der kvinner var leiande. Det gjeld både sanitetsforeningar og husmorlag.

Det finns ein del gamle protokollar som eg no går igjennom. I samband med det fekk eg låne eit fotografi frå om lag 1932 av 16 misjonskvinner frå Seljord. Det kan de sjå i dette bladet. Det var Ingrid Heggnes som hadde tatt vare på det. Svigermor hennar, Magnhild Heggnes, er med på biletet. Me er så heldige å ha namn og fødsels,- og dødsår på alle.



Misjonskvinner i Seljord fra 1932 1.rad frå venstre: Olga Marie Sveinsson (1882-1964), Såve Moland (1872-1950), Ingebjørg Knutsdotter Nes (1886 – 1966), Kjersti Venås (1893 – 1984), Andrea Øygarden (1891 – 1968), Tone Sveinsson (1879 – 1968) 2.rad frå venstre: Kari Bjørge (1884- 1973), Margit Gundersen (1900- 1989), Margit Aakre (1898- 1954), Magnhild Heggnes (1890 – 1969), Anne Marie Sandsdalen (1899 – 1981), Karen Øverland (1876 – 1953), Anne Nesheim (1886 – 1943), Borghild Vindal (1902 – 1986), Bergit Mørkholt (1875 – 1953), Aslaug Nes (1883 – 1968)

I Seljord var det i mange år sjølvsagt at prestefrua var med i misjonsforeninga, ofte som formann. I 1964 var det ein del yngre damer som danna sin eigen foreining under namnet «Den glade hjelper». Dei og samla inn pengar til NMS, men dei hadde møta sine på eit anna tidspunkt enn den eldre foreninga. Det passa betre med middag for familien og legging av små born.

No har dei to foreningane gått saman att i Seljord misjonsforening. Me har medlemmer som har vore med sidan 1957, og som stadig møter fram til misjonsmøte ein gong i månaden.

Sundag 23.oktober skal me feire denne gamle foreningen vår; først med messe i Seljord kyrkje kl 11.00 og seinare med fest på Seljord misjonshus. Me håpar mange av dykk vil vera med på denne feiringa av det som kanskje er den eldste foreninga i kommunen.

BLT



Slekters gang

Døypte:

Mannndal

Emrik Brårmo Thunberg

Flatdal

Åsne Versto

Åsmund Hansen Traaserud

Sigrid Lien Kittelsaa

Simen Greiner Nerbø

Odd Halvor Byberg

Emilie Byberg

Seljord

Åsne Haugland

Ida Aasan

Tale Omtveit Nordstoga

Mathias Skaret Sandsdalen

Teodor Ravnsbjerg Juvik Svendsen

Jens Harald Greina-Kåsene

Ingebjørg Moen Lognvik

Vigde:

Flatdal

Marian Silje Håbesland og

Mattew Alexander Torres

Elise Miriam Viken Waldenstrøm

og Bengt Fredric Bergholst

Anne Bjåland Barstad og

Håkon Haugan

Seljord

Frida Ytrestøyl Berdal og

Richard Bø

Tonje Langen og Petter Larsen

Døde:

Seljord

Torleiv Golid

Erling Ansgar Vindfjell

Synnøve Finkenhagen

Knut Arnfinn Kåsene

Helge Bjørn Lønnestad

Astrid Elise Sveinsson

Ingebjørg Sælid

Flatdal

Kåre Arild Ekre

Kåre Nørsteteig

Ny ordning for minnedag

Kvart år vert det arrangert minnedag i Seljord kyrkje på helgemessesundag. Alle som har hatt gravferd sidan førre helgemessesundag, vert innbedne til minnegudsteneste. På denne gudstenesta vert namna på alle som har gått bort lesne opp, i tilknytning til tenning av ljøs.

I år skal me gjere ei endring på dette. I staden for å ha felles minnegudsteneste for alle dei tre kyrkjesokna våre i Seljord kyrkje, skal me ha eigne minnegudstenester i kvar av dei tre hovudkyrkjene våre.

Minnedagen/Helgemessesundag fell i år på 06. november.

Slik blir programmet for dagen:

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Flatdal kyrkje kl 16.00

Seljord kyrkje kl 19.00

Alle som har hatt gravferd i familien sin det siste året, vil få eige brev med innbyding til dette arrangementet.

Men hugs dessutan: Minnedag er for alle som vil setje seg ned og minnst ein eller fleire som har gått bort – også tidlegare enn siste året. Difor kan du kome sjølv om det skulle vere nokon år sidan du har hatt gravferd i din eigen familie eller omgangskrins.

DHU



Velkomen til minnegudsteneste på helgemessesundag: Åmotsdal kl 11.00, Flatdal kl 16.00 og Seljord kl 19.00.



Flatdal Handlaft as
Telemark

www.flatdalhandlaft.no

3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billetter på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Sumarens høgdepunkt i Seljord sokn

- Folkemusikkmesser i Åmotsdal kyrkje og på Kultan i Åmotsdal

Sumaren 2022 har me markert jubileum for Jarand Aasmundsson Rønjom. Jubileet har blitt markert på mange måtar.

Først ute var folkemusikkmesse i Åmotsdal kyrkje søndag 12. juni. På denne messa hadde me gleda av å ha Torgeir Straand med oss som spelemann. Biletet på framsida av dette nummeret av Helg & Høgtid er frå denne messa. Mykje folk fann vegen til kyrkja denne sundagen.

Etter messa var det omvising i kyrkja, kyrkjestogo, Kyrkjemoen og garden på Su-Rue der Jarand blei fødd. Åmotsdal kyrkje er teikna og bygd av Jarand Aa Rønjom. Kyrkja er i år 230 år gammal.



Dag Harald Undheim på preikestolen på låvebrua på Kultan. Preikestolen var laga for denne anledninga – snikkar var Jarand Valhovd. I bakgrunnen kan du sjå Knut Buen.

Sundag 17. juli blei det bede inn til messe på Kultan i Åmotsdal. Mykje folk fann vegen til denne messa. Knut Buen var leigd inn som spelemann. Etter messa var det omvising på Kultan, og program på Sneie.

Jarand Aa Rønjom budde og bygde på Kultan i fleire år av livet sitt. I dag er det Bjørg Duve som eig Kultan, og som følgelag var vertinne for denne messa.

Alle bileta frå Kultan er tekne av Bjørg Duve.

DHU



Knut Buen var spelemann på Kultan. Han skapa høgtid med musikken sin.



Mykje folk samla på Kultan – her foran det nyrestaurerte våningshuset.

Gudstenester

14.s.i treeiningstida – 11. sept

Dyrskuplassen kl 11.00
Offer: Kirkens Nødhjelp

15.s.i treeiningstida – 18. sept

Seljord kyrkje kl 19.00
Offer: Menighetsfakultetet

16.s.i treeiningstida – 25. sept

Åmotsdal kyrkje kl 19.00
Offer: IKO

17.s.i treeiningstida – 02. okt

Flatdal kyrkje kl 19.00
Offer: Normisjon

18.s.i treeiningstida – 09. okt

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Misjonshuset

19.s.i treeiningstida – 16. okt

Flatdal kyrkje kl 11.00
Utdeling av kyrkjebok til
4-åringar
Offer: Barnearbeidet

20.s.i treeiningstida – 23. okt

Seljord kyrkje kl 11.00
Seljord NMS 150 år
Offer: NMS

Bots- og bønedag – 30. okt

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Minnedag/helgemesse – 06. nov

Åmotsdal kyrkje kl 11.00
Flatdal kyrkje kl 16.00
Seljord kyrkje kl 19.00

23.s.i treeiningstida – 13. nov

Flatdal kyrkje kl 11.00
Offer: Kirkens bymisjon
i Telemark

Domsundag – 20. nov

Seljord kyrkje kl 11.00
Offer: Kirkens bymisjon
i Telemark

1.s.i adventsstida – 27. nov

Flatdal kyrkje kl 11.00
Åmotsdal kyrkje kl 17.00
Utdeling av jolehelsing til 5 og
6-åringar
Offer: Trusopplæringa

2.s.i adventsstida – 04. des

Seljord kyrkje kl 11.00
Utdeling av jolehelsing til
5 og 6-åringar
Offer: Trusopplæringa

3.s.i adventsstida – 11. des

Nes bedehus kl 11.00
Servering etter messa
Offer: Nes Bedehus

4.s.i adventsstida – 18. des

Nutheim kl 19.00
Servering etter messa
Offer: Ungdomsarbeidet

Joleftan – 24. des

Seljord kyrkje kl 15.00
Flatdal kyrkje kl 15.00
Seljord kyrkje kl 16.00
Offer: Kirkens Nødhjelp

1.Joledag – 25. des

Seljord kyrkje kl 12.00
Offer: Misjonsprosjekt NMS

4.joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje kl 17.00
Jolefest på Grendehuset
etter messa
Offer: Betel og
Kyrkjelydsarbeidet

Nyårseftan – 31. des

Seljord kyrkje kl 16.00
Offer: Kirkens SOS Telemark

Kristi openberring – 08. jan

Manndal kapell kl 17.00
Servering etter messa
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Endringar kan koma

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

